

Møteprotokoll

Utvalg: Breheimen nasjonalparkstyre

Møtestad: Videokonferansemøte frå Rådhuset i Gaupne og Skjåk aldersheim.

Dato: 03.05.2013

Tidspunkt: 10:00 - 12:00

Følgjande faste medlem møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Rolv Kristen Øygard	LEIAR	Skjåk kommune
Ivar Kvalen	NESTL	Luster kommune
Bjarne Eioolf Holø	MEDL	Lom kommune
Rannveig Brennhaug	MEDL	Skjåk almenning

Følgjande medlem hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Mariann Isumhaugen	MEDL	Oppland fylkeskommune
Norunn Lunde Furnes	MEDL	Sogn og Fjordane fylkeskommune

Følgjande varamedlem møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Per Atle Kjøllesdal	Norunn L. Furnes	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Eivind Brenna	Mariann Isumhaugen	Oppland fylkeskommune

Merknader

Frå SNO møte:

Øyvind Angard og Liv Byrkjeland.

Frå administrasjonen møte:

Navn	Stilling
Bjørn Dalen	Nasjonalparkforvaltar
Eldrid Nedrelo	Nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi bekreftar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke i møtet.

Per Atle Kjøllesdal

Rolv Kristen Øygard

Eivind Brenna

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		2003/4333
ST	Breheimen nasjonalpark - Motorferdsel - Dispensasjon - 2013 - Prøvefiske på Glittervatnet søknad om bruk av båtmotor - Skjåk Almenning.		2013/2024
ST	Sak - Løyve til utplassering av mjølkebu på stølen Fossen i Mørkridsdalen landskapsvernområde		2013/2454
ST	Sak - Skjøtselstiltak - Tilrettelegging og kanalisering av ferdsla i Dumdalen - Breheimen nasjonalparkstyre		2013/2347
ST	Løyve til rydding av stølsbø, rydding av skog og merking av stiar - Lasse Tuften - Vigdalen landskapsvernområde		2013/2628
ST	Sak - Prioritering av dei frie tiltaksmidla for 2013.		2012/6960
ST	Ny bru over Vigdøla mellom Vigdalstølen og Breisete - Vigdalen landskapsvernområde		2013/2467
	Delegerte saker		
DS	Tillatelse til transport av ved, varer gass, fiskegarn, salt og båtmotorar til hytte ved Lundadalsvatnet 2013.		2013/1361
DS	Tillatelse til bruk av båt med motor på Lundadalsvatnet til fiske og i samband med villreinjakt 2013.		2013/1360
DS	Breheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2013 - Køyning av salt for utplassering på fast plass ved Kvainngrova/Svartsteinsranden - Torstein Ytre		2013/1321
DS	Tillatelse til frakt av ved til fiskebu ved Lundadalsvatnet.		2013/1832
DS	Tillatelse til frakt av ved til hytte ved Glittervatnet for Kjell Dagsgard		2013/1831
DS	Tillatelse til bruk av båt med motor på Lundadalsvatnet i sambarnd med fiske.		2013/1830
DS	Tillatelse til transport av proviant til hytte i Mysubytta landskpasvernområde 2013.		2013/985
DS	Tillatelse til transport av bagasje til Mysubytta i samband med påska 2013.		2013/1330
DS	Tillatelse til transport av ved og gass til Ytste Lundadalsseter.		2013/1315

DS	Tillatelse til transport av bagasje og ved inn til hytte ved Stilla i påska 2013.	2013/1214
DS	Breheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2013 - Løyve til bruk av snøskuter i samband med drift av Fortunsanlegget - Løyve til bruk av snøskuter i samband med drift av Fortunsanlegget sine installasjonar - Norsk Hydro ASA	2013/1412
DS	Tillatelse til bruk av båt med motor på Lundadalsvatnet for fiske, jakt og tilsyn med beite dyr - 2013.	2013/1317
DS	Tillatelse til transport av ved til ytste Lundadalsetra - Marius Aaboen.	2013/1236
DS	Tillatelse til bruk av snøskuter og helikopter i samband med drift snømåling, drift, kartlegging forplassering av automatisk måling av jøkulhlaup	2013/1412
DS	Tillatelse til transport av varer og utstyr til hytte i Høydalen i samband med påska 2013.	2013/2085
DS	Tillatelse til transport av ved og utstyr til hytte ved Heillstuguvatnet - Strynefjellet landskapsvernområde	2013/1824
DS	Tillatelse til transport av bagasje og utstyr til seter på Mysubytta i forbindelse med påska.	2013/2147
DS	Tillatelse til transport av bagasje og utstyr til hytte på Mysubytta påska 2013.	2013/811
DS	Tillatelse til transport av materialer til vedlikehald av gangbru over Storgrove vest for Mysubytta	2013/1961
DS	Tillatelse til frakt av proviant, bagasje og utstyr til seter på Mysubytta i samband med påska.	2013/2011
DS	Tillatelse til transport av proviant, bagasje og utstyr til hytte på Mysubytta.	2013/2063
DS	Tillatelse til transport av ved med snøskuter på Røykjeskålsle Felleseter	2013/1857

Orienteringssaker

Peder Kjærvik, Breheimsenteret i Jostedalen, orienterte styret om arbeidet og prosessen med gjenreisinga av nasjonalparksenteret.

Fylkesmiljøvernssjef i Sogn og Fjordane, Nils Erling Yndesdal, orienterte om Fylkesmannen si erfaring med den nye forvaltningsordninga, og om prosess kring tilsetjing av vikar for nasjonalparkforvaltaren.

ST 35/13 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar 2003/4333

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 03.05.2013

Vedtak

Ingen merknader til sakliste og innkalling.

Rolv Kristen Øygard, Per Atle Kjøllesdal og Eivind Brenna vart valde til å signere protokollen.

Arkivsaksnr: 2013/2024-0

Sakshandsamar: Bjørn Dalen

Dato: 22.03.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	36/13	03.05.13

Breheimen nasjonalpark - Motorferdsel - Dispensasjon - 2013 - Prøvefiske på Glittervatnet søknad om bruk av båtmotor - Skjåk Almenning.

Dokument i saka: Søknad frå Skjåk Almenning v/leiar for fiskeprosjektet Birgit Bilstad.

Søknaden vert vurdert i samsvar med:

- Verneforskrift for Breheimen, dagsett 7.august 2009.
- Naturmangfaldlova, dagsett 19.juni 2009, nr.100.

Søknaden

Skjåk Almenning søker om løyve til å nytte båt med motor i samband med garnfiske på Glittervatn i Breheimen nasjonalpark. Det har vore drive eit relativt aktivt garnfiske på Glittervatnet i mange år, og ein har i følgje søkar hatt eit uttak av fisk på 150 – 175 kg årleg dei seinare år. Søkjar meiner det er naudsynt at garnfisket blir oppretthalde på same nivå som tidlegare for å sikre kvalitet på auren. Skjåk Almenning er redd for at frávær av garnfiske særleg vest i vatnet kan få konsekvensar for verdien av Glittervatn som eit attraktivt fiskevatn for allmenta også i framtida. Skjåk Almenning meiner omfanget av garnfisket er ca. 15 dagar i løpet av fiskesesongen. For å få gjennomført ei fullstendig prøvefisking på Glittervatnet søker grunneigaren, Skjåk Almenning, om å få nytte påhengsmotor under fiske som eit eingongstiltak.

Verneformål, verneforskrift og framlegg til forvaltningsplan

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde. Motorferdsel til lands, på vatn og i lufta under 300 meter frå bakken er forbode, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 6.1 med div. unnatak gjeve i pkt. 6.2 og 6.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til m.a: - *naudsynte inngrep i samband med artsforvaltning*. jf. verneforskrifta § 3 pkt.1.3 bokstav l og - *motorferdsel i samband med inngrep som er naudsynte for forvaltning av artane i samsvar med pkt. 1.3 bokstav l*), jf. verneforskrifta § 3 pkt. 6.3 bokstav o).

Vurdering

Omfanget av motorferdsel skal haldast på eit så lågt nivå som mogleg av omsyn til samla belastning på naturmiljøet og friluftsliv. Frávær av motorstøy er ein viktig kvalitet i utmark og motorferdsel kan i tillegg vere uheldig for fugle- og dyreliv. Målet er å halde omfanget av motorferdsel så låg som mogleg og avgrense motorferdsel til det som er strengt naudsynt. Motorferdsel på land og på vatn er i utgangspunktet forbode innanfor nasjonalparkane.

Det har tidlegare vore tradisjon for ein viss bruk av båt med motor til fiske på blant anna Glittervatnet. I samband med planarbeidet for Breheimen nasjonalpark kom det inn fleire innspel i høyringsprosessen om at ein framleis skulle gje løyve til bruk av båt med motor både på Lundadalsvatnet og Glittervatnet. Gjennom ei grundig vurdering ved fastsetjing av forskrifta valde Fylkesmannen ut frå høyringsuttala, lengda på Lundadalsvatnet og bruken gjennom fleire år, å ta inn eit særskilt punkt i verneforskrifta for nasjonalparken som opnar for løyve til å bruke båt med motor etter søknad i Lundadalsvatnet, jf. verneforskrifta sin § 3 pkt. 6.3 n. Slik opning vart ikkje teke inn i forskrifta for Glittervatnet. Det er Skjåk Almenning som grunneigar og forvaltar av fiske i Glittervatnet som søker om bruk av påhengsmotor under prøvefiske. Dette er ei enkeltstående hending i eit sterkt avgrensa tidsrom (2-3 netter) for å få gjennomført prøvefiske i vatnet. Skjåk Almenning opplyser i søknaden at dei prøvde å prøvefiske i 2012 ved å bruke robåt. Dei er samd i at det er mogleg å prøvefiske på Glittervatnet når det er heilt stilt, men så fort det blir vind er tilhøva krevjande, bl.a. med bakgrunn i fleire undervasskjær. Prøvefiske i 2012 vart derfor ikkje gjennomført på heile vatnet og ga ikkje nok data for å vurdere tilstanden i vatnet.

Skjåk Almenning søkte om det same i 2010 og 2011, dei 2 fyrste åra etter vernevedtaket. Dei fekk avslag på søknadane sine. Bakgrunnen for avslaga den gongen var at verksemda ikkje vart sett på som ei enkeltstående hending.

Med bakgrunn i historikken rundt prøvefiske på Glittervatnet vurderer nasjonalparkforvaltaren det slik at i dette tilfelle, samla sett, er grunnlag får å opne for bruk av påhengsmotor i eit tidsrom på 3 døger i 2013. Bakgrunnen for dette er:

1. Det er ei enkeltstående hending over 2-3 netter (- som det går mange år mellom kvar gong det er behov for).
2. Det er ei nyttig vitenskapleg undersøking som blir gjennomført av to personar med universitetsutdanning innan feltet og som har erfaring og kompetanse for å gjennomføre undersøkinga etter anerkjente metodar.
3. Glittervatnet er ein stor innsjø (litt under 2kvkm) fleire undervassskjer og som ofte har ugunstige vindtilhøve som kan være krevjande.

Sekretariatet har vurdert omsynet til verneverdiane i området, særleg i forhold til dyrelivet og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1, 4 og 5 samt § 7, jf. §§ 8-12.

Kunnskapen om området er god. Det ligg føre fleire rapportar i samband med konsekvensutgreiingsprogrammet for vern av Breheimen, og fagrapportar for fleire felt. I tillegg går det føre seg kontinuerleg overvaking av villreinen i området med helikopter og snøskuter fleire gonger i året i regi av Villreinutvalet og SNO. Ein vurderer det derfor slik at det ikkje nødvendig å nytte føre-var-prinsippet i dette tilfelle. Tiltaket vil ha liten påverknad på området sidan det er eit enkelttiltak som det sjeldan er behov for. Faren for at tiltaket skal ha negativ innverknad på økosystemet er minimal. Vi vurderer det slik at dette ikkje er relevant i dette tilfellet. Bruk av båt med motor vil lette prøvefiske og gjere det lettare å få eit fullgodt resultat som grunnlag for fiskebiologiske undersøkingar.

Konklusjon

Tiltaket vil ha liten påverknad på økosystemet. Prøvefiske er eit tiltak som går føre seg med mange års mellomrom av ein aktør. Tiltaket er ei vitenskapleg undersøking med resultat som har almen nytte ved at resultatet er verdifulle for framtidig forvaltning av fiskestammen i vatnet. Det er ein fordel å kunne gjennomføre prøvefiske så effektivt og raskt som mogleg. Sekretariatet vurderer at tiltaket har minimale negative konsekvensar for økosystemet og friluftslivet og kan gjennomførast.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å gje Skjåk Almenning løyve til å gjennomføre prøvefiske ved bruk av påhengsmotor på Glittervatnet. Løyvet blir gjeve med heimel i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt.6.3 bokstav o, jf. §3 pkt.1.3 bokstav l. Løyvet er gjeve med vilkår:

- Tiltaket er eit enkelttiltak.
- Fiske skal gjennomførast hausten 2013 over eit tidsrom på inntil 3 døgn.
- Maksimal motorstyrke er 10 hk.
- Høgste lovlege fart er 8 knop.
- Under prøvefiskinga må det takast omsyn til natur (særleg dyreliv) og friluftsliv.
- Rapport om tiltaket og prøvefiskinga skal sendast Breheimen nasjonalparkstyre innan 15. desember 2013.

Dette vedtaket gjeld naturmangfaldlova og verneforskrifta som er heimla i den. Forholdet til lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og forskrifter i forhold til den må avklarast med Skjåk kommune.

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 03.05.2013

Vedtak

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å gje Skjåk Almenning løyve til å gjennomføre prøvefiske ved bruk av påhengsmotor på Glittervatnet. Løyvet blir gjeve med heimel i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt.6.3 bokstav o, jf.§3 pkt.1.3 bokstav l. Løyvet er gjeve med vilkår:

- Tiltaket er eit enkelttiltak.
- Fiske skal gjennomførast hausten 2013 over eit tidsrom på inntil 3 døgn.
- Maksimal motorstyrke er 10 hk.
- Høgste lovlege fart er 8 knop.
- Under prøvefiskinga må det takast omsyn til natur (særleg dyreliv) og friluftsliv.
- Rapport om tiltaket og prøvefiskinga skal sendast Breheimen nasjonalparkstyre innan 15.desember 2013.

Dette vedtaket gjeld naturmangfaldlova og verneforskrifta som er heimla i den. Forholdet til lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og forskrifter i forhold til den må avklarast med Skjåk kommune.

Samrøystes som innstillinga.

Arkivsaksnr: 2013/2454-0

Sakshandsamar: Eldrid Nedrelo

Dato: 10.04.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	37/13	03.05.13

Sak - Løyve til utplassering av mjølkebu på stølen Fossen i Mørkridsdalen landskapsvernområde

Dokument i saka

- Søknad om løyve til utplassering av mjølkebu på stølen Fossen datert 05.04.2013.
- Tidlegare opplysningar gitt i søknad om investeringsstøtte til etablering av mjølkestøl på Fossen datert 15. juni 2012.

Søknaden vert vurdert i samsvar med:

- Forskrift om verneplan for Breheimen. Vedlegg 5. Mørkridsdalen landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova
- Framlegg til forvaltningsplan for Breheimen nasjonalpark med tilgrensande verneområde

Søknaden

Søkjær planlegg oppstart av stølsdrift på stølen Fossen sommaren 2013. Tiltaket inneber ostekoking, og mjølking av ca. 20 geiter som skal gå i lag med kje som skal seljast som fjellsprettkje om hausten. Buføring av geiter startar andre veka i juni. I samband med dette søkjer han om å få setja opp ei mjølkebu på stølen. (Han vil også ta nokre av kyrne fram på stølen for at beitinga skal bli mest mogleg variert. Sauene på garden beitar på Nobbi, den næraste stølen til Fossen).

Stølshuset er halde godt ved like og står fram i original stand slik det vart nytta frå slutten av 1800-talet og fram til midt på 1900-talet. Sjølv om stølen ikkje er tidsmessig i dag, vil ein mjølkegeiter, eit par kyr og drive med ostekoking. For å kunne drive støl på ein så utilgjengeleg plass tolv veker kvar sommar vil skotet på selet bli innreia til fôrlager og utstyr.

Mjølkebua vil vere i grindverk med opne vegger slik at mjølking og ysting kan skje under tak i dårleg vêr. Det er planlagt vanleg saltak tekt med bølgjeblikkplater. Storleik 2x3 m, og med mønehøg og takvinkel som på selet.

Konstruksjonar i grindverk som dette, kan lett plukkast ned og setjast opp att slik at plassering denne fyrste sesongen ikkje vil vere endeleg (men midlertidig). Søkjær opplyser også at dei

planlegg å utvide stølsdrifta i åra som kjem, og treng såleis meir tid til utforming av eit stølstun som vil vere tenleg for drifta.

Verneformål, verneforskrift og framlegg til forvaltningsplan

Mørkridsdalen landskapsvernområde vart oppretta gjennom verneplan for Breheimen av Kongen i statsråd 7. august 2009.

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til landskapet, dyrelivet og friluftsliv som er mest relevant i dette tilfellet, jf. verneforskrifta for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 2 og naturmangfaldlova §§ 1, 4 og 5 samt § 7, jf. §§ 8-12.

Formålet med Mørkridsdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande. Vidare er formålet med landskapsvernområdet å ta vare på stølar med stølsvollar, kulturminne og naturbeitemarker, ta vare på geologiske førekomstar og breforma landskap som U-dalar, breane sine avsetningar og andre kvartærgeologiske førekomstar, ta vare på vakker og særprega vassdragsnatur, særleg knytt til Mørkridsdalselvi, og å ta vare på edellauskogen med særmerkte, store og/eller gamle dekorative levande og daude tre, førekomstar av gamal furuskog og rasmarker som pregar landskapet.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Utgangspunktet er at landskapsvernområdet er beskytta mot inngrep av ein kvar art, m.a. oppføring av nye bygningar, innretningar og anlegg, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.1. Vidare skal plantelivet vernast mot skade og øydelegging som kan endre det verna landskapet sitt særpreg eller karakter vesentleg, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1.

I forskrifta § 3 pkt. 1.3 bokstav c) er det opna for at forvaltningsmyndigheita kan gi løyve til «oppføring av bygningar, innretningar og anlegg som er naudsynte til jordbruksføremål på stølsvollar der det er bygningar frå før.» I framlegget til forvaltningsplan heiter det at ved vurdering av slike søknader skal det leggast vekt på om det er eit naudsynt behov knytt til jordbruksdrifta. Vidare er det føringar for at det ved løyve skal setjast vilkår om at bygget skal følgje lokal og tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet på ein god måte. Når saka gjeld verdifulle stølsmiljø skal regional kulturminnemyndigheit gi råd om byggeskikken, slik at nasjonalparkstyret kan gi vilkår om dette, dersom det er aktuelt. Det er gjort også i denne saka.

Søknaden skal også vurderast etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12.

Vurdering

Ein sentral del av verneformålet med Mørkridsdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap, med m.a. kulturell verdi og opplevingsverdi, og som er identitetsskapande. Vidare er det eit konkret mål å ta vare på stølar med stølsvollar, kulturminne og naturbeitemarker. Stølen Fossen ligg inst i Mørkridsdalen og har ein svært viktig verdi i dette natur- og kulturlandskapet. Siste driftsår på Fossen var i 1951 med ein buskap på 10 kyr og 60 geiter. Ein del sauer har beita i området, men beitetrykket har på langt nær vore høgt nok, og vollane er trua av gjengroing.

Av eksisterande bygningar er det eit sel (som søkjar eig), samt ei sankebu og eit uthus på Fossen. Ei budeie vil nytte søkjar sitt stølshus i samband med stølinga. Det er ikkje andre bygningar på stølen som kan nyttast til funksjonen mjølkebua skal dekke, og for å kunne støle på Fossen er ein avhengig av å kunne setje opp ei mjølkebu. Mjølkebua vil har eit avgrensa omfang på 6 m², ho vil vere i grindverk med opne vegger og ha takvinkel og mønehøgde som på selet. Grindverk er ein særleg vestnorsk byggeskikk som har utvikla seg over fleire år-hundre.

Av framlegget til forvaltningsplan går det fram at det er ønskeleg at beitebruken skal halde fram i området for å stoppe/hindre gjengroing. Beiting er også viktig for å sikre bruken av kulturlandskapet, både stølar og stølsvollar, og for å ta vare på det biologiske mangfaldet. Ein ser det difor som svært positivt at ein får fram fleire beitedyr i området, og at det vert aktivitet på stølen igjen.

Hovudformålet med Mørkridsdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande. Vidare er formålet med landskapsvernområdet å ta vare på stølar med stølsvollar, kulturminne og naturbeitemarkar osv. Oppføring av nye, varige eller mellombelse bygningar er i utgangspunktet forbode i landskapsverneområdet då dette kan ha negative effektar på verneverdiane. Etter verneforskrifta kan det likevel gjevast løyve til oppføring av bygningar, innretingar og anlegg som er naudsynte til jordbruksføremål på stølsvollar der det er bygningar frå før, t.d. ei mjølkebu slik det er søkt om her, men det er ein føresetnad at tiltaket ikkje må stride mot verneformålet.

Det går fram av naturmangfaldlova § 8 at offentlege avgjerder som gjeld naturmangfaldet så langt det er rimeleg skal bygge på vitskapleg og erfaringsbasert kunnskap, og effekten av påverknader. Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå verneplan for Breheimen med konsekvensutgreinga på deltema villrein, landbruk, kulturhistorie- og kulturmiljø, biologisk mangfald, landskap, Naturbase og Fylkesatlas.

Tiltaket vil ikkje føre til varige inngrep i landskapet sidan det er eit mellombels bygg i grindverk som lett kan takast ned. Det er heller ikkje registrert prioriterte artar, verdifulle artar eller trua eller nær trua artar på, eller utvalde naturtypar verdifulle naturtypar eller trua eller nær trua naturtypar i området, og ein ser ikkje at tiltaket vil føre til auka forstyrring i området. Mjølkebua vil ha eit avgrensa omfang, og med dei vilkåra som er sette i løyvet, vil mjølkebua så langt det er mogleg tilpassast stølsmiljøet med dei andre bygningane, både med tanke på plassering, utforming og fargeval.

Forvaltningsmyndigheita har vurdert omsynet til verneverdiane i området, jf. verneforskrifta § 2, og meiner tiltaket med dei vilkåra som er sette i løyvet ikkje kjem i strid med verneformålet. Samstundes har ein vektlagt at mjølkebua er naudsynt for at ein skal kunne støle på Fossen og for at ein skal kunne ha geiter på beite der, og det er viktig for å ta vare på kulturlandskapsverdiane i området.

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova er vurdert slik: Oppføring av ei mellombels mjølkebu i samband med støling på Fossen vil isolert sett ha liten effekt på natur-, og kulturlandskapet. Det er ikkje eit varig inngrep. Nasjonalparkforvaltaren legg til grunn at tiltaket åleine med dei vilkåra som vert sette for løyvet i svært liten grad vil påverke trua, nær trua eller verdifullt naturmangfald som er omfatta av verneformålet, og at føreliggjande kunnskap om naturmangfaldet i saka er i samsvar med dei krava som følgjer av naturmangfaldlova § 8.

Sjølv om tiltaket isolert sett i liten grad vil påverke natur- og kulturlandskapet, må den einskilde søknaden vurderast i lys av prinsippet om samla belastning, jf. naturmangfaldlova § 10. Det går fram av forvaltningsplan at det er om lag 170 bygningar innanfor verneområda i Breheimen, fordelt med om lag 90 bygningar i Luster, 60 i Skjåk og 15 i Lom. Dei fleste av desse er bygningar på stølane i området, nokre få hytter, gjetarbuer og uthus. Elles består eksisterande påverknad i området i hovudsak av beiting, utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv, jakt og fiske. Nasjonalparkforvaltaren er ikkje kjend med konkrete framtidige tiltak. Den samla belastninga av det aktuelle tiltaket, eksisterande tiltak og moglege framtidige tiltak er etter det nasjonalparkforvaltaren kan sjå akseptabel.

Etter det nasjonalparkforvaltaren kan sjå føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og kva effektar tiltaket vil ha på dette mangfaldet. Føre-var prinsippet vert difor ikkje vektlagt i saka, jf. naturmangfaldlova § 9.

Det er ikkje aktuelt å stille fordyrande vilkår. Det er heller ikkje aktuelt å vurdere anna lokalisering. Naturmangfaldlova §§ 11 og 12 vert difor ikkje vurderte nærare.

Etter ei konkret vurdering der nasjonalparkforvaltaren særleg har vektlagt at tiltaket ikkje strir mot verneformålet, at tiltaket er naudsynt for at ein skal kunne støle på Fossen og for at ein skal kunne ha geiter på beite der, samt at det er viktig for å ta vare på kulturlandskapsverdiane i området, meiner nasjonalparkforvaltaren at det med dei gitte vilkåra kan gjevast løyve til tiltaket.

Nasjonalparkforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i verneforskrifta for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt.1.3 bokstav c) gir Breheimen nasjonalparkstyre løyve til oppføring av mjølkebu på stølen Fossen.

Vilkår

- Mjølkebua skal byggast i tråd med opplysningane gitt i søknaden, med eit avgrensa omfang på 6 m², ho skal byggast i grindverk med opne vegger og ha takvinkel og mønehøgde som på selet.
- Ein tilrår at bua vert sett opp i ubehandla material eller at ho vert målt i ein farge som fell naturleg inn i landskapet og høver saman med dei andre bygningane på Fossen. Bølgjeblekket bør målast i nøytral farge som i liten grad reflekterer sola.
- Mjølkebua bør plasseras i tilknytning til selet på stølen.

Vi gjer merksam på at tiltaket må ha løyve frå grunneigar.

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 03.05.2013

Vedtak

Med heimel i verneforskrifta for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt.1.3 bokstav c) gir Breheimen nasjonalparkstyre løyve til oppføring av mjølkebu på stølen Fossen.

Vilkår

- Mjølkebua skal byggast i tråd med opplysningane gitt i søknaden, med eit avgrensa omfang på 6 m², ho skal byggast i grindverk med opne vegger og ha takvinkel og mønehøgde som på selet.
- Ein tilrår at bua vert sett opp i ubehandla material eller at ho vert målt i ein farge som fell naturleg inn i landskapet og høver saman med dei andre bygningane på Fossen. Bølgjeblekket bør målast i nøytral farge som i liten grad reflekterer sola.
- Mjølkebua bør plasseras i tilknytning til selet på stølen.

Vi gjer merksam på at tiltaket må ha løyve frå grunneigar.

Samrøystes som innstillinga.

Arkivsaksnr: 2013/2347-0

Sakshandsamar: Bjørn Dalen

Dato: 12.04.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	38/13	03.05.13

Sak - Skjøtselstiltak - Tilrettelegging og kanalisering av ferdsla i Dumdalen – SNO/Breheimen nasjonalparkstyre

Dokument i saka: E-post dagsett 0304.2013 frå SNO-lokal Øyvind Angard.

Søknaden vert vurdert i samsvar med:

1. Forskrift for Breheimen nasjonalpark, dagsett 7.august 2009.
2. Naturmangfaldlova, dagsett 19.juni 2009, jf. Odelstingsproposisjon nr. 52 (2008-2009).

Søknaden: SNO v/Øyvind Angard har planlagt tiltak for å redusere terrengslitasje i Dumdalen. Dette gjeld i fyrste fase å få kloppa ei myr inne ved Dumstulen og leggje til rette ein allereie etablert rasteplass.

Verneforskrift og verneformål og framlegg til forvaltningsplan

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, serleg i forhold til

Breheimen nasjonalpark med til liggjande verneområde vart oppretta gjennom verneplan for Breheimen, av Kongen i statsråd 7.august 2009. Breheimen nasjonalparkstyre vart konstituert fyrste gong 19.januar 2011. Noverande styre vart konstituert 27.januar 2012. Styret har fått delegert forvaltningsmyndet for verneområda i m.a. Breheimen nasjonalpark.

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap som er utan tyngre inngrep. (jf. § 2 i verneforskrifta for nasjonalparken). Etter verneforskrifta er alle inngrep forbodne (verneforskrifta § 3 pkt.1.1) med unntak gjeve m.a. i § 6: *Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet.* Dette er utgreitt i forarbeida til naturmangfaldlova § 47, (jf.Ot.prp.nr.52 side 423):

*Annet ledd første punktum angir, med de begrensninger som følger av annet ledd annet punktum, rammen for hva slags skjøtselstiltak som forvaltningsmyndigheten kan foreta. Som skjøtselstiltak regnes alle tiltak som anses nødvendig for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet. Det kan f.eks. være opprensning for å hindre gjengroing, hogst og utrydding av fremmed vegetasjon eller opprydding etter tidligere naturinngrep med fjerning av forfalte anlegg. Konstruksjon av nye biotoper eller bygging av anlegg i verneområdet forutsetter derimot et særskilt rettsgrunnlag i form av avtale eller ekspropriasjon. Dersom vernebestemmelsene for et område inneholder bestemmelser om vern av kulturminner, vil annet ledd gi adgang til skjøtsel som er nødvendig for å ta vare på kulturminnet. **Paragrafen gir også adgang til en enkel merking eller anlegg av stier, klopper mv. i verneområdet der det er nødvendig for å kanalisere ferdselen for å beskytte verneverdiene.** Anlegg av parkeringsplasser i verneområder forutsetter særskilt rettsgrunnlag.*

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er under arbeid. Den har vore til gjennomgang i Direktoratet for naturforvaltning og må gjennomarbeidast før nasjonalparkstyret får det til vurdering for utlegging på høyring. I planforslaget er det lagt inn omfattande reguleringar av bruken av grotten i Dumdalen. Grotten er sårbare for slitasje med bakgrunn i dei mjuke bergartane i området. Ferdsla i grottene er stor og det er påvist t.d. omfattande slitasje inne i grottene. Ferdsla i terrenget frå Sognefjellsvegen og inn Dumdalen er prega av mange stigar fordi stigane ikkje har vore regulert/merka. Det er derfor behov for omfattande kanalisering og sanering av ein del stigar. Dette vil medføre merking og skjøtsel i området. I fyrste omgang er det planlagt å kloppe ei myr langs eine stigen. I tilknytning til stigen er det opparbeidd ein primitiv rasteplass/bål plass. Kloppinga er tenkt utført med halvklovningar av furutømmer. Rasteplassen er tenkt tilrettelagt med enkle benkar i same materiale. Rasteplassen er det viktig å oppretthalde da det ikkje er ynskjeleg at besøkande rastar inne i grottene.

Vurdering

Tiltaket er avklara med Lom kommune og Statsskog SF som er grunneigar. Slike tiltak kan gjennomførast utan grunneigars løyve. Sekretariat/SNO har likevel samrådt seg med Lom kommune og Statskog SF som ikkje har merknader til tiltaket. Omsynet til landskapet, og friluftslivet i området må vurderast i denne samanhengen, jf. Verneforskrifta § 1 og naturmangfoldlova §§ 1, 4 og 5 samt 7, jf. §§ 8-12: Kunnskapen om område er godt dokumentert. Det er gjennomført konsekvensutgreiingar for området i samband med vernet, bl.a. for friluftsliv og landskap. I tillegg er det utarbeidd detaljerte rapportar om grottene, og for landskapet rundt er det utarbeidd ein eigen rapport fordi området kom seint inn i verneplanprosessen. Området der tiltaket vil gå føre seg omfattar forholdsvis korte strekningar over ei myr. Med dei vilkår som er sett meiner sekretariatet at tiltaket kan gjennomførast utan nemneverdige negative verknader på naturverdiar og miljø i området. Målet med tiltaket er at naturtilstanden i området skal bli betre. Tiltaket er vurdert slik at føre-var-prinsippet ikkje er relevant i dette. Det vil ikkje føre til miljøskade. Det vil bli brukt snøskuter til å køyre inn materiellet på vinterføre. Arbeidet med klopping vil skje manuelt.

Ut ifrå ei samla vurdering meiner sekretariatet at tiltaket kan gjennomførast.

Secretariatet sitt framlegg til vedtak.

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek starte arbeidet med kanalisering av ferdsla i Dumdalen med klopping av myr og opprusting av eksisterande rasteplass ved Dumstulen. Tiltaket har heimel i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark, § 6.

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 03.05.2013

Vedtak

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek starte arbeidet med kanalisering av ferdsla i Dumdalen med klopping av myr og opprusting av eksisterande rasteplass ved Dumstulen. Tiltaket har heimel i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark, § 6.

Samrøystes som innstillinga.

Arkivsaksnr: 2013/2628-0

Sakshandsamar: Eldrid Nedrelo

Dato: 16.04.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	39/13	03.05.13

Løyve til rydding av stølsbø, rydding av skog og merking av stiar - Lasse Tuften - Vigdalen landskapsvernområde

Dokument og kontakt i saka:

- Søknad datert 11.02.13 frå Lasse Tuften, Høyheimsvik.
- Nasjonalparkforvaltaren kontakta søkjar per telefon om søknaden den 16.04.13.
- Nasjonalparkforvaltaren kontakta søkjar per telefon den 17.04.13 på grunn av nye opplysningar i saka.

Søknaden vert vurdert i samsvar med:

- Forskrift om verneplan for Breheimen. Vedlegg 6. Vigdalen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova.
- Framlegg til forvaltningsplan for Breheimen nasjonalpark med tilgrensande verneområde.

Søknaden

Søkjar driv gardsbruk i Kilen. Drivande er fjellstølen til garden og ligg innanfor Vigdalen landskapsvernområde.

Stølsbøen har dei seinare åra grodd meir og meir igjen. Søkjar ønskjer å rydde stølsbøen for å stoppe gjengroinga noko. Han ønskjer også å opne opp for å sjå vårstølen Kilali og Vigdalsfjellstølen.

På stølsbøen vil ryddinga bli utført ved å dra opp bjørkene så langt det let seg gjere (inn til 30 cm lange), resten ønskjer han å stubbebehandle med roundup. Vidare ønskjer han å rydde tre område med motorsag og stubbebehandle med roundup. Eit par område vil han tynne.

Søkjar søker også om å merke to stiar frå Drivande som han vedlikeheld. Den eine stien går frå Breiseter til Drivande. Der er det behov for noko veiting av vatn og rydding av skog, og skilt i begge endar. Den andre stien går frå Drivande til Fjellstølsbrui. Der er det behov for litt veiting av vatn og å merke stien der han er utydeleg, og ein ønskjer å setje opp tre skilt. Kart vedlagt søknaden viser kvar tiltaka er aktuelle.

Vidare går det to stiar mot Kilen (Kilamarki og Skrea) og to stiar oppover (Førstedalen og Øfstevegen). Søkjar ønskjer å rydde stiane. Dei vil ikkje bli merka med skilt av omsyn til tryggleiken for folk. Det er også ein sti mot Kattøyra som vil bli merka med skilt på Drivande.

Drivande er felleseige med to andre grunneigarar. Tiltaka er munnleg avklara med Ola Kilen (Gnr. bnr. 35/1) og Tormod Alme (Gnr. bnr. 35/2). Stiane rører også ved Breisetar og tiltaka er difor munnleg avklara med Hans Urdal (Gnr. bnr. 53/felles).

Verneformål, verneforskrift og framlegg til forvaltningsplan

Vigdalen landskapsvernområde vart oppretta gjennom verneplan for Breheimen av Kongen i statsråd 7. august 2009. Breheimen nasjonalparkstyre er forvaltningsmyndigheit for landskapsvernområdet.

Formålet med Vigdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande. Vidare er formålet med landskapsvernområdet å ta vare på biologisk mangfald som pregar landskapet, å ta vare på kulturhistoriske verdiar, stølar og kulturminne og geologiske førekomstar og breforma landskap som U-dalar, breen sine avsetningar og andre kvartærgeologiske førekomstar.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

I utgangspunktet er landskapsvernområdet verna mot inngrep som kan endre eller påverke landskapet sitt særpreg eller karakter, med unntak gjevne i forskrifta § 3 pkt. 1.2 og 1.3. Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til m.a. oppsetting av skilt og merking av nye stiar (jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 bokstav f). Vernet er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande stiar, skilt, bruer, vardar ol. i samsvar med forvaltningsplan jf. § 5 (jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.2 bokstav b). Vernet er heller ikkje til hinder for drift, rydding og vedlikehald av jordbruksareal i stølsområda. Retningslinjer for drift vert fastsett i forvaltningsplan, jf. § 5 (jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.2 bokstav d).

Av verneforskrifta går det også fram at plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging som kan endre det verna landskapet sitt særpreg eller karakter vesentleg (jf. § 3 pkt. 2.1). Dette inneber m.a. at særmerkte, store og/eller gamle og dekorative levande og daude tre som pregar landskapet ikkje skal hoggast. Hogst av ved til eigen bruk og til hytter og stølar i landskapsvernområdet er tillate i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltningsplan, jf. § 5. Hogst skal skje som gjennomhogst, men hogstflater inntil 1 daa er tillatne (jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.4).

Det er i utgangspunktet også forbod mot ureining i landskapsvernområdet. All bruk av kjemiske middel som kan påverke naturmiljøet er forbode (jf. verneforskrifta § 3 pkt. 7.1). Forvaltningsmyndigheita kan likevel gi løyve til bruk av plantevernmiddel for stubbebehandling ved rydding av eksisterande stølsvollar (jf. verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 bokstav b).

Forvaltningsplanen er under arbeid. Han vil bli lagt ut på høyring slik at m.a. brukargrupper kan kome med evt. merknader før han blir endeleg godkjend av Direktoratet for naturforvaltning. I forvaltningsplanen skal det fastsetjast endelege retningsliner for m.a. vedlikehald av stiar, skilt, hogst og rydding i verneområdet. Sekretariatet håpar forvaltningsplanen vil kunne sendast på høyring i løpet av 2013. Inntil vidare må nasjonalparkstyret godkjenne retningsliner knytte til slike tiltak. Dette blir gjort ved å setja vilkår i eventuelle løyve.

Retningsliner om følgjande tema i framlegget til forvaltningsplan er relevante for saka og vert omtala nærare i vurderinga nedanfor:

- Eksisterande stiar og løyper kan haldast ved like og haldast opne utan særskild løyve frå forvaltningsstyresmakta.
- Vedlikehald av stølsvollar omfattar både slått og rydding av kratt og einskildtre.
- Hogst
- Bruk av kjemikalier

Søknaden skal også vurderast etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12.

Vurdering

Skilting, merking av nye stiar og vedlikehald av eksisterande stiar

Forvaltningsmyndigheita kan gi løyve til skilting og merking av nye stiar etter verneforskrifta. Lasse Tuften søker om løyve til merking av 2 stiar med skilt, og på den eine stien er det behov for merking der stien er utydeleg. Luster kommune har gjennom prosjektet «Mellom fjell, fjord og folk» eit eige

delprosjekt om infrastruktur, der merking og informasjonstiltak er eitt av dei prioriterte områda. Som ein del av dette prosjektet arbeider Luster bygdelag med ein sti-plan. Luster kommune v/prosjektleiari tilrår at tiltaket vert føreslått og vurdert i denne sti-planen.

Oppsetting av skilt og merking av stiar innanfor verneområda bør i størst mogleg grad skje etter ei heilskapleg vurdering. For å få til dette tilrår ein at søkjar føreslår at dei to stiane vert vurderte i sti-planen som Luster bygdelag arbeider med. Nasjonalparkforvaltaren kontakta søkjar per telefon den 17.04.13 om desse forholda, og søkjar ville følgje opp dette i tråd med tilrådinga. Dersom stiane kjem med i planen til Luster bygdelag, vil nasjonalparkstyret handsame evt. søknad om løyve frå bygdelaget/kommunen.

Søkjar vil vidare vedlikehalde stiane i området. Eksisterande stiar og løyper kan haldast ved like og haldast opne utan særskild løyve frå forvaltningsstyresmakta. I framlegget til forvaltningsplan er det presisert at omfanget av slikt vedlikehald ikkje må vere større enn tidlegare standard på stien. Det kan ryddast langs stiane dersom vegetasjon gjer det vanskeleg å ta seg fram, t.d. for tilkomst til stolar og for beitebruken. Veiting av vatn vert rekna som vedlikehald, så lenge det ikkje er snakk om å grave nye grøfter med maskin og legging av røyr osv. som endrar utsjånaden på vegen.

Fjerning av skog i randsona til stølsbøen

Søkjar ønskjer også å fjerne skog i randsona til stølsbøen i fem mindre delområde. Dei aktuelle områda er avgrensa på bilde vedlagt søknaden. Innanfor landskapsvernområdet skal plantelivet vernast mot skade og øydelegging som kan endre det verna landskapet sitt særpreg eller karakter vesentleg (jf. § 3 pkt. 2.1). Dette inneber m.a. at særmerkte, store og/eller gamle og dekorative levande og daude tre som pregar landskapet ikkje skal hoggast. Hogst av ved til eigen bruk og til hytter og stolar i landskapsvernområdet er tillate i samsvar med retningslinjer fastsett i forvaltningsplan. I tråd med framlegg til forvaltningsplan skal hogst skje som gjennomhogst, men hogstflater inntil 1 daa er tillatne. Søkjar opplyser på telefon at flatene ikkje vil vere større enn 1 daa, og tiltaket krev såleis ikkje løyve frå verneforskrifta. Stølsbøen på Drivande er eit viktig landskapselement, og rydding av ytre delar av stølsbøen vil vere positivt for landskapsbildet.

Rydding av stølsbøen på Drivande

Lasse Tuften søker om løyve til å rydde stølsbøen på stølen Drivande. Den opne stølsbøen er eit viktig landskapselement og ein ser tiltaket som positivt med omsyn til verneverdiane. Vernereglane hindrar ikkje desse tiltaka, som rydding og vedlikehald av jordbruksareal i stølsområda. Vedlikehald av stølsvollar omfattar både slått og rydding av kratt og einskildtre. Ved rydding kan det nyttast motorsag eller ryddingssag, og med rydding meiner ein her fjerning av trevegetasjon med bevaring av resten av plantedekket, jf. framlegg til forvaltningsplan.

Ein sentral del av verneformålet med Vigdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap, med m.a. kulturell verdi og opplevingsverdi, og som er identitetsskapande. Vidare er det eit konkret mål å ta vare på kulturhistoriske verdiar, stolar og kulturminne. Stølen Drivande har ein viktig verdi i Vigdalen landskapsvernområde. Bruk av kjemikalier i verneområde er i utgangspunktet forbode, då det kan ha negative effektar på verneverdiane. Etter verneforskrifta kan det likevel gjevast løyve til bruk av plantevernmiddel for stubbebehandling ved rydding av eksisterande stølsvollar, men det er ein føresetnad at tiltaket ikkje må stride mot verneformålet. Av forvaltningsplanen går det fram at omfattande bruk gjentekne gonger ikkje skal førekoma i verneområda. Avgrensa bruk kan akseptrast dersom andre metodar vert vurdert som ueigna eller ikkje tilstrekkeleg.

Det går fram av naturmangfaldlova § 8 at offentlege avgjerder som gjeld naturmangfaldet så langt det er rimeleg skal bygge på vitskapleg og erfaringsbasert kunnskap, og effekten av påverknader. Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå verneplan for Breheimen med konsekvensutgreiinga på deltema landskap, biologisk mangfald, landbruk, kulturminne- og kulturhistorie, Naturbase og Fylkesatlas.

Kulturlandskapet på Drivande er trua av attgroing. Ein open stølsbø vil vere eit viktig landskapsvelement, og rydding stølsbøen med fjerning av kratt vil vere positivt av omsyn til kulturlandskapet. Roundup (Glyfanova pluss) er eit vanleg brukt plantevernmiddel (glyfosatmiddel) og er rekna som relativt ufarleg. Stubbebehandling er den mest skånsame måten å bruke middelet på av omsyn til miljøet. Det er ikkje registrert prioriterte artar, verdifulle artar eller trua eller nær trua artar på, eller utvalde naturtypar, verdifulle naturtypar eller trua eller nær trua naturtypar i området. Etter framlegget til forvaltningsplan er det ein føresetnad at det skjer som ei eingongsbehandling og i eit avgrensa område, og dersom andre metodar vert vurdert som ueigna eller ikkje tilstrekkeleg. Avdeling for landbruk og naturforvaltning i Luster kommune uttalar at bruk av roundup er naudsynt i dette tilfellet.

Forvaltningsmyndigheita har vurdert omsynet til verneverdiane i området, jf. verneforskrifta § 2, og meiner tiltaket med dei vilkåra som er sette i løyvet vil bruken av plantevernmiddelet ha eit avgrensa omfang, og kjem i liten grad i strid med verneformålet. Samstundes har ein vektlagt at tiltaket er naudsynt for å stoppe gjengroinga av stølsbøen på Drivande og for å ta vare på kulturlandskapsverdiane i området.

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova er vurderte slik:

Bruk av roundup vil isolert sett ha liten effekt på natur-, og kulturlandskapet. Det er eit eingongstilfelle og bruken er avgrensa til stubbebehandling på stølsbøen på Drivande. Kunnskapen om roundup er generelt god gjennom tidlegare gjevne løyve i verneområde. Nasjonalparkforvaltaren legg til grunn at tiltaket åleine med dei vilkåra som vert sette for løyvet i liten grad vil påverke trua, nær trua eller verdifullt naturmangfald som er omfatta av verneformålet, og at føreliggjande kunnskap om naturmangfaldet i saka er i samsvar med dei krava som følgjer av naturmangfaldlova § 8.

Sjølv om tiltaket isolert sett i liten grad vil påverke natur- og kulturlandskapet, må den einskilde søknaden vurderast i lys av prinsippet om samla belastning, jf. naturmangfaldlova § 10. Vigdalen landskapsvernområde (Ivo) er verna gjennom verneplan for Breheimen, saman med Breheimen nasjonalpark, Strynefjellet Ivo, Mysubytta Ivo, Høydalen Ivo, Mørkridsdalen Ivo og Høyrokampen naturreservat. Ved vurdering av samla belasting må desse verneområda sjåast i samanheng. Nasjonalparkforvaltaren er kjend med at det er gitt eit løyve til avgrensa bruk av roundup innanfor desse verneområda tidlegare, Mørkridsdalen Ivo. Nasjonalparkforvaltaren kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til auka bruk av plantevernmiddeleg i området. Eksisterande påverknad i området er i hovudsak bygningar, beiting, utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv, jakt og fiske. Med dei vilkåra som er sette meiner nasjonalparkforvaltaren at den samla belastninga av det aktuelle tiltaket, eksisterande tiltak og moglege framtidige tiltak er akseptabel.

Etter det nasjonalparkforvaltaren kan sjå føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og kva effektar tiltaket vil ha på dette mangfaldet. Føre-var prinsippet vert difor ikkje vektlagt i saka, jf. naturmangfaldlova § 9.

Det er ikkje aktuelt å stille fordyrande vilkår. Det er heller ikkje aktuelt å vurdere anna lokalisering. Naturmangfaldlova §§ 11 og 12 vert difor ikkje vurderte nærare.

Etter ei konkret vurdering der nasjonalparkforvaltaren særleg har vektlagt at tiltaket ikkje strir mot verneformålet, at tiltaket er naudsynt for å stoppe gjengroing av stølsbøen på Drivande, samt at det er viktig for å ta vare på kulturlandskapsverdiane i området, meiner nasjonalparkforvaltaren at det med dei gitte vilkåra kan gjevast løyve til tiltaket.

Nasjonalparkforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i verneforskrifta for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 7.2 bokstav b) gir Breheimen nasjonalparkstyre Lasse Tuften løyve til bruk av roundup (Glyfonova pluss) til stubbebehandling innanfor eksisterande stølsvoll på stølen drivande.

Vilkår:

Bruk av roundup (Glyfonova pluss) skal følgje følgjande råd gitt for stubbebehandling av lauvskog frå Norsk Landbruksrådgjeving (<http://sortrondelag.lr.no/nyhetsarkiv/2009/3034/>):

- Løyvet gjeld bruk av roundup til stubbebehandling.
- Bruk av roundup til stubbebehandling i samband med rydding skal skje same dagen som tre/busker er felt.
- Stubbebehandlinga skal gjennomførast som ei behandling på kvar stubbe.
- Blandingsforholdet er 1 del roundup og 4 delar vatn.
- Det beste tidspunktet for stubbebehandling er frå juli til oktober/november.

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 03.05.2013

Vedtak

Med heimel i verneforskrifta for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 7.2 bokstav b) gir Breheimen nasjonalparkstyre Lasse Tuften løyve til bruk av roundup (Glyfonova pluss) til stubbebehandling innanfor eksisterande stølsvoll på stølen drivande.

Vilkår:

Bruk av roundup (Glyfonova pluss) skal følgje følgjande råd gitt for stubbebehandling av lauvskog frå Norsk Landbruksrådgjeving (<http://sortrondelag.lr.no/nyhetsarkiv/2009/3034/>) :

- Løyvet gjeld bruk av roundup til stubbebehandling.
- Bruk av roundup til stubbebehandling i samband med rydding skal skje same dagen som tre/busker er felt.
- Stubbebehandlinga skal gjennomførast som ei behandling på kvar stubbe.
- Blandingsforholdet er 1 del roundup og 4 delar vatn.

Det beste tidspunktet for stubbebehandling er frå juli til oktober/november.

Samrøystes som innstillinga.

Arkivsaksnr: 2012/6960-0

Sakshandsamar: Eldrid Nedrelo

Dato: 12.04.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	40/13	03.05.13

Sak - Bestillingsdialogen 2013 - Prioritering av dei frie tiltaksmidla.

Dokument i saka: Brev frå Direktoratet for naturforvaltning dagsett 15.3.13. Midlar til forvaltning av nasjonalparker og tilhøyrande verneområde.

Tildeling av midlar til tiltak

Breheimen nasjonalparkstyre vedtok å søke Direktoratet for naturforvaltning v/SNO om midlar med bakgrunn i oppsett behandla i styresak 96/2012. Lista var utarbeidd av sekretariatet i samarbeid med SNO lokalt. Det vart søkt om midlar til 17 prioriterte tiltak til ein samla sum på kr. 1 534 000. I tildelingsbrevet frå mars 2013 vart det løyvd kr.600 000 til prioriterte tiltak og ein rame på kr. 250 000,- i frie midlar til styret. Dvs. at nasjonalparkstyret fekk ein total rame på kr.850 000,-. I 2012 var rama kr. 829 000,-.

Tildelinga for 2012 er fordelt slik på tiltak prioritert etter liste vedteken av nasjonalparkstyret:

Bestillingsdialogen 2013 - Midla til Breheimen verneområde Kapittel 1426.30.

Prioriterte midla, ramme kr. 600 000						
Prioritet nr. Tiltak	Lokalisering	Vernestatus	Søke sum frå tiltakshavar	Ansvarleg økonomi	Styre vedtak	Tildeling frå DN
1. Vidareføring av kulturlandskapsskjøtsel. Slått av Knivabakkgjerdet. Slått av stølsgjerdet på Dulsete. Styrt beiting av Knivabakkgjerdet og stølsgjerdet på Dulsete - haustbeiteprosjekt. Restaurering av haustingsskog.	Mørkridsdalen, Knivabakkgerde, Dulsete	Mørkridsdalen LVO	120000	SNO	100000	100000
2. Restaurering utleggsbru-tilkomst til Tundradalen	Tundradalen	Breheimen NP	180000	SNO	150000	150000
3. Ny farved på bilbrua inn til Bukkebotn	Bukkebotn	Høydalen LVO	60000	SNO	50000	50000
4. Restvedlikehald stig til Smithbua-ref. fjoråret	Lomseggen	Breheimen NP	60000	SNO	60000	60000
5. Utbetre buføringsvegar /Omlagging til gamle stigen Vetlefossa, rydding og muring mot Fjellsli. Re etablering av bru. Tiltak for å bruke bae sider av Mørkridselva for rundturar. Vedlikehald av bru over Nobbeelvi og sti.	Mørkridsdalen,	Mørkridsdalen LVO	250000	SNO	200000	200000
6. Vedlikehald av bru over Måråe	Heillstuguvatn	Breheimen NP	65000	SNO	50000	40000
Sum total prioriterte midlar kr. 600000			735000		610000	600000

Som det framgår av tabellen over dekker den prioriterte ramma dei 5 fyrste tiltaka på lista og kr. 40 000 av tiltak med prioritett 6.

Vurdering av fordeling av dei frie tiltaksmidla

I tillegg til midla fordelt på tiltak er det løyvd ei ramme på kr. 250 000,- som styret disponerer. Tildelte frie midlar er lik for 2013 og 2012. Sekretariatet har derfor lagt inn desse tiltaka for tildeling også i 2013.

Framlegg til fordeling av dei frie tiltaksmidla, kr. 250 000.						
Nr.	Prioritet nr. Tiltak	Lokalisering	Vernestatus	Ansvarleg økonomi	Styre vedtak	Framlegg til disp.
1.	Vidareføring av tilskot ref. sak 59/12 - Mysubyttvegen	Sota-Mysubytta	Mysubytta LVO	BNP/FMSF	50000	50000
2.	Vidareføring av tilskot ref. sak 59/12 – Høydalsvegen	Vasse. - Høydalen	Høydalen LVO	BNP/FMSF	50000	50000
3.	6. Restløyving - Bru over Måråe	Heilstuguvassosen	Breheimen NP	BNP/FMSF	50000	10000
4.	7. Informasjonstiltak - 6 skiltsett a 2 plakatar	Div.	Div.	BNP/FMSF	200000	30000
5.	8. Del av tiltak Kilen - Storhaug	Før Vigdalsstølen	Vigdalen LVO	BNP/FMSF	140000	80000
6.	Rest til disp. for styret til uforutsett tiltak			BNP/FMSF		30000
SUM DISPONERT						250000

Kommentar til dei enkelte postane:

- Styret la i bestillingsmøtet i november 2012 føringar for bruken av desse med fordeling vidare etter den prioriterte lista. I tillegg til dette har styret lagt føringar i sak 59/2012 for tildeling av tilskot for opprusting av Høydalsvegen og Mysubyttvegen. Det vart i 2012 løyvd kr. 50.000 til kvar av desse vegane til saman kr. 100.000,-. Det vart i sak 59/2012 lagt føringar for vidare tilskot i 2013 som lydde: «*Nasjonalparkstyret tildeler kr. 50 000,- til Høydalsvegen og kr. 50 000,- til Mysubyttvegen, med vidareføring av tilsvarande beløp neste år under føresetnad av at styret får tildelt tilstrekkeleg med midlar--.*»
- Sjå punktet over.
- Kostnadsdekking til vedlikehald av bru over Måråe var kr. 50 000,-. Av dette rakk det prioriterte tilskotet til kr. 40 000,-. Forslag: Dekking av resterande beløp med **kr. 10 000** av dei frie midla.
- Prioritet 7. Lista over tiltak søkt om var informasjonstiltak med kr. 200 000. Forslag til tildeling frå sekretariatet er **kr. 30 000,-** til dekking av 6 skiltsett for nasjonalparken. Eit skilt med kart og eit skilt med tekst i storleik 70cm x 100 cm. Skilt ved Dønfoss, eitt sett i Vanndalen, eitt sett til informasjonspunkt ved Flaumparken på Fossøy, + reserveplakatar ved skade.

Prosjektet Flaumpark Fossøy har sendt rekneskap for informasjonsvegg, og søker om å få dekkja utgifter til prosjektet med til saman kr. 37 400,-. Tiltaket var ikkje ein del av bestillingsdialogen, og Fossøy er ikkje ein prioritert innfallspurt til Breheimen. Ein ser det likevel som positivt om nasjonalparkstyret kan bidra med eit sett informasjonsplakatar om Breheimen på staden. Jamfør budsjettet og prioriterte tiltak gjennom bestillingsdialogen finn ein ikkje å kunne dekke utgiftene til dette prosjektet. Prosjektet kan evt. vurdere å søkje om midlar frå Breheimen utviklingsfond til dekking av utgifter i samband med prosjektet når fondsmidlane vert utlyst i september.
- Prioritet 8. på lista over prioriterte tiltak søkt om var vedlikehald av sti og vidareføring av vedlikehaldsarbeid på den gamle ferdavegen mellom Luster og Jostedalen med kr.140 000. Forslag til tildeling **kr. 80 000**. Dette dekker delar av innfallspurt Vigdalen.
- Det er sett opp **kr. 30 000** som reserve til uforutsette tiltak eller uforutsette kostnader.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å fordele dei frie midla, kr. 250 000,- i Bestillingsdialogen 2013 slik:

Breheimen nasjonalparkstyre fordeling av dei frie tiltaksmidla i bestillingsdialogen for 2013, sum kr. 250 000.						
Nr.	Prioritet nr. Tiltak	Lokalisering	Vernestatus	Ansvarleg økonomi	Styre vedtak	Tildeling 2013
1.	Vidareføring av tilskot ref. styresak 59/12 - Mysubyttvegen	Sota-Mysubytta	Mysubytta LVO	BNP/FMSF	50000	50000
2.	Vidareføring av tilskot ref. styresak 59/12 – Høydalsvegen	Vasse. - Høydalen	Høydalen LVO	BNP/FMSF	50000	50000
3.	6. Restløyving - Bru over Måråe	Heilstuguvassosen	Breheimen NP	BNP/FMSF	50000	10000
4.	7. Informasjonstiltak - 6 skiltsett a 2 plakatar	Div.	Div.	BNP/FMSF	200000	30000
5.	8. Del av tiltak Kilen - Storhaug	Før Vigdalsstølen og Kilen-Storhaug	Vigdalen LVO	BNP/FMSF	140000	80000
6.	Rest til disp. for styret til uforutsett tiltak			BNP/FMSF		30000
SUM DISPONERT						250000

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 03.05.2013

Vedtak

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å fordele dei frie midla, kr. 250 000,- i Bestillingsdialogen 2013 slik:

Breheimen nasjonalparkstyre fordeling av dei frie tiltaksmidla i bestillingsdialogen for 2013, sum kr. 250 000.						
Nr.	Prioritet nr. Tiltak	Lokalisering	Vernestatus	Ansvarleg økonomi	Styre vedtak	Tildeling 2013
1.	Vidareføring av tilskot ref. styresak 59/12 - Mysubyttvegen	Sota-Mysubytta	Mysubytta LVO	BNP/FMSF	50000	50000
2.	Vidareføring av tilskot ref. styresak 59/12 – Høydalsvegen	Vasse. - Høydalen	Høydalen LVO	BNP/FMSF	50000	50000
3.	6. Restløyving - Bru over Måråe	Heilstuguvassosen	Breheimen NP	BNP/FMSF	50000	10000
4.	7. Informasjonstiltak - 6 skiltsett a 2 plakatar	Div.	Div.	BNP/FMSF	200000	30000
5.	8. Del av tiltak Kilen - Storhaug	Før Vigdalsstølen og Kilen-Storhaug	Vigdalen LVO	BNP/FMSF	140000	80000
6.	Rest til disp. for styret til uforutsett tiltak			BNP/FMSF		30000
SUM DISPONERT						250000

Samrøystes som innstillinga.

Arkivsaksnr: 2013/2467-0

Sakshandsamar: Eldrid Nedrelo

Dato: 29.04.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	41/13	03.05.2013

Løyving av midlar til ny bru over Vigdøla mellom Vigdalstølen og Breisete - Vigdalen landskapsvernområde

Dokument i saka

- Søknad frå Breisete sameige og Vigdalen sameige om midlar til ny bru over Vigdøla mellom Vigdalstølen og Breisete, datert 27. februar 2013.
- Førebels svarbrev frå nasjonalparkforvaltaren for Breheimen nasjonalparkstyre datert 10.04.2013.

Søknaden

Breisete sameige og Vigdalen sameige søker om midlar til delfinansiering av ny bru over Vigdøla mellom Vigdalstølen og Breisete i Vigdalen landskapsvernområde. Dei viser til at den gamle brua er i svært dårleg forfatning og må skiftast ut. Den tidlegare brua er ei gangbru, drifta av DNT. Området er mykje brukt av både folk lokalt og turistar. Området er prega av kraftig gjengroing med skog, og det er nedgang i beitedyr.

I samband med dette ønskjer søkjar å setje opp ei breiare bru enn den som er der i dag for å kunne føre husdyr over på andre sida av elva. Det er også viktig at ein får ei bru som folk kan gå trygt over på ski.

Vigdalen sameige og Breisete sameige søker Breheimen nasjonalparkstyre om midlar til bru-prosjektet som er kostnadsrekna til total kr. 98 000,- eks. moms. Grunneigarane vil gå inn med eige arbeid til å byggja brua, og legg opp til ei delfinansiering av brua saman med DNT (30 000,-), Luster kommune og Breheimen nasjonalparkstyre.

I e-post datert 23.04.13 presiserer søkjar at momsens kjem i tillegg på brua, og at dei ikkje vil få tilbakebetalt momsens.

Vurdering

Av omsyn til kulturlandskapet kring dei gamle stølane i Vigdalen landskapsvernområde ser nasjonalparkforvaltaren dette som eit svært positivt tiltak. Det vil også vere eit positivt tiltak av omsyn til fotturistar og friluftsbuiken av området.

Med tanke på verneverdiane og framtidig skjøtsel er det ønskjeleg at tiltaket kan gjennomførast. Det er ein føresetnad at tiltaket skjer innanfor rammene av verneforskrifta for Vigdalen landskapsvernområde og at det vert gitt løyve til bygging av brua frå Breheimen nasjonalparkstyre. (Teikningar med

kostnadsoverslag er vedlagt søknaden. Sameiga og DNT Oslo og Omegn Turistforening avventar søknad om løyve til å byggja brua til finansieringa er avklart).

Med bakgrunn i at dette er eit svært positivt tiltak med tanke på verneformålet i Vigdalen landskapsvernområde, og at dei tildelte midlane til forvaltning av verneområda i Breheimen allereie er prioriterte til tiltak innmeldt gjennom bestillingsdialogen, og at desse midlane vil bli brukt opp, har ein søkt Direktoratet for naturforvaltning v/Statens naturoppsyn om kr. 50 000,- til delfinansiering av brua over Vigdøla i Vigdalen landskapsvernområde.

Nasjonalparkforvaltaren har den 26.04.13 fått munnleg tilbakemelding frå Statens naturoppsyn v/Randi Boe om at Breheimen nasjonalparkstyre kan rekne med å få tildelt beløpet det er søkt om til tiltaket.

Forvaltar si innstilling

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å løyve kr. 50 000,- til Breisete sameige og Vigdalen sameige til delfinansiering av ny bru over Vigdøla mellom Vigdalstølen og Breisete.

For løyvinga gjeld følgjande vilkår:

- Det er ein føresetnad for løyvinga at det vert gitt løyve til bygging av brua etter verneforskrifta for Vigdalen landskapsvernområde. Søknad skal sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.
- Tiltaket må realiserast i tråd med dei planar som er lagt fram i søknaden. Løyvinga om midlar gjeld i 2013.
- Det skal sendast inn rekneskap og ein kortfatta rapport om gjennomføringa av tiltaket når det er avslutta.

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 03.05.2013

Vedtak

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å løyve kr. 50 000,- til Breisete sameige og Vigdalen sameige til delfinansiering av ny bru over Vigdøla mellom Vigdalstølen og Breisete.

For løyvinga gjeld følgjande vilkår:

- Det er ein føresetnad for løyvinga at det vert gitt løyve til bygging av brua etter verneforskrifta for Vigdalen landskapsvernområde. Søknad skal sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.
- Tiltaket må realiserast i tråd med dei planar som er lagt fram i søknaden. Løyvinga om midlar gjeld i 2013.

Det skal sendast inn rekneskap og ein kortfatta rapport om gjennomføringa av tiltaket når det er avslutta.

Samrøystes som innstillinga.

Delegerte saker

DS 1/13 Tillatelse til transport av ved, varer gass, fiskegarn, salt og båtmotorar til hytte ved Lundadalsvatnet 2013. 2013/1361

DS 2/13 Tillatelse til bruk av båt med motor på Lundadalsvatnet til fiske og i samband med villreinjakt 2013. 2013/1360

DS 3/13 Breheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2013 - Køyning av salt for utplassering på fast plass ved Kvainngrova/Svartsteinsranden - Torstein Ytre 2013/1321

DS 4/13 Tillatelse til frakt av ved til fiskebu ved Lundadalsvatnet. 2013/1832

DS 5/13 Tillatelse til frakt av ved til hytte ved Glittervatnet for Kjell Dagsgard 2013/1831

DS 6/13 Tillatelse til bruk av båt med motor på Lundadalsvatnet i sambarnd med fiske. 2013/1830

DS 7/13 Tillatelse til transport av proviant til hytte i Mysubytta landskapsvernområde 2013. 2013/985

DS 8/13 Tillatelse til transport av bagasje til Mysubytta i samband med påska 2013. 2013/1330

DS 9/13 Tillatelse til transport av ved og gass til Ytste Lundadalsseter. 2013/1315

DS 10/13 Tillatelse til transport av bagasje og ved inn til hytte ved Stilla i påska 2013. 2013/1214

DS 11/13 Breheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2013 - Løyve til bruk av snøskuter i samband med drift av Fortunsanlegget - Løyve til bruk av snøskuter i samband med drift av Fortunsanlegget sine installasjonar - Norsk Hydro ASA 2013/1412

DS 12/13 Tillatelse til bruk av båt med motor på Lundadalsvatnet for fiske, jakt og tilsyn med beite dyr - 2013. 2013/1317

DS 13/13 Tillatelse til transport av ved til ytste Lundadalssetra - Marius Aaboen. 2013/1236

DS 14/13 Tillatelse til bruk av snøskuter og helikopter i samband med drift snømåling, drift, kartlegging forplassering av automatisk måling av jøkulhlaup 2013/1412

DS 15/13 Tillatelse til transport av varer og utstyr til hytte i Høydalen i samband med påska 2013. 2013/2085

DS 16/13 Tillatelse til transport av ved og utstyr til hytte ved Heillstuguvatnet - Strynefjellet landskapsvernområde 2013/1824

DS 17/13 Tillatelse til transport av bagasje og utstyr til seter på Mysubytta i forbindelse med påska. 2013/2147

DS 18/13 Tillatelse til transport av bagasje og utstyr til hytte på Mysubytta påska 2013. 2013/811

DS 19/13 Tillatelse til transport av materialer til vedlikehald av gangbru over Storgrove vest for Mysubytta 2013/1961

DS 20/13 Tillatelse til frakt av proviant, bagasje og utstyr til seter på Mysubytta i samband med påska. 2013/2011

DS 21/13 Tillatelse til transport av proviant, bagasje og utstyr til hytte på Mysubytta. 2013/2063

DS 22/13 Tillatelse til transport av ved med snøskuter på Røykjeskålslie Felleseter 2013/1857